



Møte i fylkesberedskapsrådet om krigen i Ukraina

Deltakarar: Fylkesberedskapsrådet i Vestland.

Innleiing v/Gunnar Hæreid

I utanriksministerens tale til Stortinget denne veka, peikte ho på at det er 73 år sidan Noreg sluttar seg til NATO. Ho sa at Russland si krigføring i Ukraina endrar den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa, og med det rammene for norsk utanriks- og tryggleikspolitikk. Endringane vil også påverke marknader, energiprisar og matmangel. Det er reell fare for humanitære kriser i Europa, i eit omfang vi ikkje har sett sidan etterkrigsstida. Auka energiprisar og fallande marknadar vil kunne bidra til stagnasjon i den globale veksten. Det vil ha konsekvensar og påverke privatøkonomien til folk i heile verda, også i Noreg. Vi veit av erfaring at mat- og energikriser ofte fører til sosial uro som kan breie seg frå land til land.

Hæreid viste til at regjeringa føreslår auka løyvingar til m.a. politiet, PST, digital tryggleik inkl. NSM og sivil beredskap. Det viktigaste no og framover er handtering av flyktningssituasjonen, det blir også hovudtema for møtet.

Orientering frå DSB v/direktør Elisabeth Sørbøe Aarsæther

Krisekommunikasjon er veldig viktig. Det er ikkje krise i Noreg, men i Europa, og det vil påverke oss. Overordna status er framleis at den tryggleikspolitiske situasjonen er uendra og at m.a. etterretningsstrusselen mot Noreg er auka. Aarsæther minna om at det ekstra viktig å passe på verdiane våre, både fysisk og særleg digitalt.

Slik Totalforsvaret er i dag kan sivil og militær side støtte kvarandre på ein heilt anna måte enn berre for nokre år sidan. Samordning er viktigaste verktøyet for både DSB og statsforvaltarane. Aarsæther peikte på at det er viktig å få samla involverte aktørar på tvers av problemstillingar, og unngå mange ulike fagspor.

Sivlforsvaret er ein viktig ressurs som kan brukast først når andre ressursar er uttømt. Ho minna om eigenberedskap, og oppsummerte det med at dei som klarer seg greitt til vanleg også må førebu å kunne klare oss sjølv i ei krise. I ei krise som t.d. flaum, straumbrot eller ekombrot må naudetatane få bruke ressursane sine på først og fremst å hjelpe dei som treng det.

DSB har i dag sendt først nyhendebrev til statsforvaltarane, for å gi ein samla oppdatert inngang til informasjonen frå ulike styresmakter. DSB vil sende oppdatert nyhendebrev kvar veke.

Orientering om oppgåver i regi av Statsforvaltaren v/fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand

Vi vidarefører etablerte arbeidsformer frå pandemien, og det fungerer i det alt vesentlege veldig bra. Nokre nye aktørar med. På dei siste faste møte med kommunane torsdagane har UDI og politiet gitt orienteringar. Vi skulle gjerne også fått IMDi og arbeids-/inkluderingslinja inn der. Førebels går det i eit litt eige løp, men vi håpar det kan endre seg etter kvart. Alt tyder på at det er stor velvilje i kommunane til å handtere oppgåver dei no får pålagt. Vi får så langt relativt få spørsmål frå kommunane no.



Språkproblematikken er blant dei problemstillingane som vi jobbar med, og som vi har meldt inn til nasjonale styresmakter. Det er ei stor utfordring at det er få godkjente tolkar på ukrainsk, mens det er litt betre på russisk. Vi må nok tenke annleis, og på tvers av etatar og kommunar. Å kartlegge personar som kan bidra som språkhjelparar er t.d. vi må jobbe vidare med. Andre aktuelle problemstillingar er knytt til praktiske forhold som bankkonto for flyktningane, og oppretting av alternativ mottakslass (AMOT).

Vi har eit særoppdrag med å koordinere arbeid med tenester og tilbod til ukrainske flyktningar som blir innkvartert i påvente av registrering av asylsøknad i Bergen. Det har vore stor velvilje og eit svært godt samarbeid blant dei involverte aktørane. Bergen kommune og Røde Kors har teke ansvar for oppgåver som det ikkje er gitt formelle føringar for/er lovfesta.

Orientering frå UDI v/regiondirektør Belen Birkenes

Siste tal registrerte asylsøknader er 5100, talet inkluderer 400 som er registrert gjennom regionale registreringssenter som det i Bergen. Det er over 2500 som ventar på registrering på Nasjonalt ankomstsenter (Råde) og innkvarteringar rundt. I tillegg er det eit ukjent tal personar som bur privat og enno ikkje er registrert. Om lag 1 500 flyktningar har flytta til akuttinnkvarteringar. Reknar med at dette talet vil gå opp etter kvart. UDI får ein del tilbakemeldingar frå kommunar om at dei byrjar å sjå slitasje hjå personar som har tatt i mot flyktningar privat.

Det vert jobba med å få på plass elektronisk søknadsportal for personar som ønskjer å bu i såkalla alternativ mottakslass (AMOT), og har fått det godkjent. UDI vil gi økonomisk støtte via kommunen og jobbar saman med Digdir om løysinga. Håpet er at den vil vere på plass neste veke.

UDI jobbar tett med helsestyresmaktene om medisinsk evakuering (Medevac). Dei første to pasientane kjem til Bergen i dag. Det er godt samarbeid for å legge til rette etter sjukehusopphald, og følgje opp pårørande som vil kome inn i asylmottak. UDI jobbar tett med IMDi for å få dei busett så raskt som mogleg. Det er planlagt 500 Medevac-pasuebar til landet dei neste månadene.

Regjeringa har førebels gitt instruks om å førebu relokalisering av 2 500 flyktningar til Noreg. Arbeidet er i oppstartsfasen i samarbeid med politiet, for å få på plass rutinar og for å prøve å unngå parallelle spor/rutinar.

UDI jobbar med å få på plass automatisering av vedtak om mellombels kollektiv beskyttelse. D-nummer blir oppretta når politiet registerer asylsøknaden. Få dagar etter skal asylsøkarane få vedtak om kollektiv beskyttelse, som gir t.d. gir helserettar. UDI håpar å kunne gjere om lag 1 000 vedtak om dagen, og har fatta nokre hundre allereie. Det vil ta noko lenger tid å fatte vedtak for søkerar fra ein del søkerar, m.a. personar utan id-papir og einslege mindreårige.

Dei siste tala viser at det er 2 600 flyktningar i akuttinnkvarteringar, det vil seie vanlege asylmottak som er etablert raskt med litt lågare bemanning enn vanleg. Det er nokre hybride avtalar med hotell som UDI følgjer ekstra opp. I alt er det 6 000 asylsøkarar i mottak. UDI reknar med ei rask auke av talet i mottak/akuttinnkvartering, særleg når relokalisering startar.

Det er ni asylmottak i Vestland, talet inkluderer ordinære mottak, mottak for einslege mindreårige asylsøkarar og akuttinnkvarteringar. UDI jobbar med å evaluere tilbod som kom til frist førre fredag og vil begynne tildeling denne veka. Reknar med at det kjem nokre mottak i Vestland, vil informere Statsforvaltaren og aktuell kommune så snart dei gjer tildeling.



UDI opplever at det er stort informasjonsbehov, og dei får særleg svært mange spørsmål om AMOT-ordninga. Dei ser òg dei same utfordringar når det gjeld tolkekapasitet som Statsforvaltaren og håpar det kjem gode ordningar snart.

Orientering frå politiet v/stabssjef Gustav Landro

Vest politidistrikt har sett stab. Dei har merksemd på godt samarbeid med samarbeidsaktørar knytt til tryggleikspolitisk situasjon og etterretningstrussel.

Politiet skalerer opp kapasiteten til registrering av asylsøknader ved registreringssenteret i Bergen. Opplæring av meir personell i gang, og politiet førebur seg på langvarig drift. Første prioritet for politidistriktet er å få ned restansar, og håpar å fjerne alle restansar før påske. Dei har krav om å auke kapasiteten til 100 registreringar per dag. Dei har elles merksemd på tryggleiksopplegg, flyktningspionasje og etterretningsverksemnd.

Det har vore gitt opplæring i samband med etablering av registreringspunkt i Førde. Det vil truleg vere klart tysdag eller onsdag.

Ber om varsling om planlagde Medevac-evakueringar, slik at dei får noko tid til førebuing.

Politidistriktet har ikkje eigne språkressursar, og er veldig var for korleis dei skal løyse dette. Må ha ei pragmatisk tilnærming for å kunne gjennomføre den jobben dei skal gjere.

Kommentar frå PST:

Ikkje store endringar i trusselbiletet, men det er noko høgare. Som DSB viste til er verdisikring den viktigaste bodskapen.

Orientering frå Helse Bergen v/administrerande direktør Eivind Hansen

Covid-19 er framleis ein del av biletet, og i dag er 60-70 covid-pasientar innlagt. Sjukehusa handterer det som gjeld pandemien relativt godt.

Det er rigga struktur for å ta i mot pasientar frå Ukraina. Det er pasientar som treng sjukehusbehandling for å avlaste helsevesenet i nabolanda til Ukraina (ikkje krigsskadesituasjon per no). OUS har koordineringsansvaret og dei to første pasientane kjem til HUS i dag. Dei andre helseføretaka vil bli kopla på etter kvart. Pasientane kjem med pårørande, og det trengs godt samarbeid lokalt. EMT (Emergency Medical Team) for utlandsoppdrag er rigga men er ikkje kalla ut enno.

Spesialisthelsetenesta skal støtte primærhelsetenesta og øvrige aktørar i mottak av flyktingar, og sikre at dei får spesialisthelsetenesta på lik linje med befolkninga elles. Kapasitet på tuberkulose-screening er eit aktuelt tema. Det vil vere i eit tett samspel med kommunane. Andre tema er vaksinasjonsgrad i denne populasjonen og kva helseutfordringar det er behov for auka innsikt i. Dei nyttar etablerte strukturar for samhandling frå pandemien.

Tolketeneste er òg ei utfordring for helseføretaket. Forventar mange med traumatiske opplevelingar som treng oppfølging innan psykisk helse. Riggar seg med språkbank blant eigne tilsette, som bistand til tolketeneste. Dette er felles utfordring for alle aktørar, ønskjer gjerne samarbeid.



Atomberedskap v/fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand

Situasjonen 24. mars 2022

- Situasjonen framleis alvorleg og uavklart.
- Russland har framleis kontroll på Zaporizhzhya- og Tsjernobyl-anlegga. De nærmeste militære handlingane for dei andre anlegga har vore mellom 7 og 14 mil unna desse.
- Ukraina har framleis 8 av 15 reaktorar i drift.
- Skogbrannsesongen, som normalt er fra april til oktober, har starta i området rundt Tsjernobyl. Fleire norske massemedium har meldt om skogbrannar i eksklusjonsson.
- Onsdag 23. mars var nærmaste brannen ca. femten kilometer frå anlegget. Brannar i området kan kvervel opp radioaktiv forureining og gje auka strålenivå i nærområdet, men vil ikkje utgjere ein fare for Noreg.

Tsjernobyl-anlegget

- Det er iverksett delvis rotasjon av personell på anlegget.
- Anlegget er framleis under russisk kontroll og det er ikkje mogleg å lese av sensorane for strålingsverdiar på anlegget.
- IAEA får ikkje overvakingsdata for det nukleære materialet. Det betyr at slike materiale kan fjernast og kome på avvege.

Zaporizhzhya-anlegget

- Det ukrainske personellet driftar framleis reaktorane. All informasjon som skal sendast til IAEA vert kontrollert av russisk militært personell og representanter fra den russiske atomstyrestrukta ROSATOM som er til stades. Det er derfor usikkert om ein kan stole på informasjonen.

Leveranse av etterspurt utstyr til samarbeidspartnere i Ukraina

- I løpet av krigen har DSA hatt jamlege dialogmøte med samarbeidspartnerar i Ukraina, og dei har òg bedt om støtte. DSA har oversendt etterspurt utstyr. Leveransen er forventa overlevert til grensekontrollstyremakta (SBGS) i løpet av onsdag. Dei vil syte for å frakte delar av utstyret til Rivne-anlegget (spesielt radiosamband).

Spørsmål/diskusjon

Helse Førde/Børge Tvedt:

- Kvar skal politiet gjennomføre registrering i Førde, og kan dei få lokal kontaktperson?
 - Svar politiet/Landro: ikkje endeleg avklart, dei held på å rigge organisasjonen i Førde. Kjem tilbake med informasjon snarast råd.
- Tolk: er det gjort nasjonale initiativ med omsyn til digitale/elektronisk verktøy som kan vere støtte?
 - Svar SFVL/Stensvand: dette er ei stor utfordring. Har tatt det opp med IMDi. Det er ikkje sikkert at dei vanlege krava til godkjente tolkar i ein normalsituasjon kan vere så rigide no. Det kan vere aktuelt at fylkesberedskapsrådet saman ber om ei avklaring frå nasjonalt hald om kva som blir gjort. Viss nødvendig må vi sjå på kva vi kan gjere for å få til eit godt regionalt samarbeid på tvers.



NRK/Dyveke Buanes:

- Til UDI; ukrainske flyktninger, òg dei som kjem utan alle papir på plass, får kollektiv beskyttelse og fulle rettar i samfunnet. Medieoppslag om flyktninger som kjem frå andre land og ikkje får helsehjelp. Er det problematisk at dei blir kategorisert i A og B-lag?
 - Svar UDI/Birkenes: dette er politisk avgjerd. Det norske regelverket gir føringane, og rettar er knytt til juridisk status for dei som kjem. Avgrensa rettar ved utvisingsvedtak eller avslag. Alle har rett til akutt nødvendig helsehjelp. Ukrainske flyktninger må ha søkt asyl hjå politiet for å få m.a. helserettar. Dei som bur privat utan å ha meldt seg for registrering har ikkje desse rettane. Viktig at vi formidlar informasjon til alle ukrainske personar at dei må registrere seg hos politiet, difor er det etablert regionale registreringssenter.

Helse Fonna/Olav Klausen

- Støttar det Eivind Hansen sa. Dei er førebudde på mottak av pasientar og screening av tuberkulose og screening av andre sjukdomar.
- Har vore svært tydelege på internt at pasientar som har behov for augeblikkeleg hjelp og fødselshjelp skal få den hjelpa dei treng uavhengig av asylstatus.
- Spørsmål til UDI: status for flyktningmottak for barn og unge på Stord? (Hero)
 - Svar UDI/Birkenes: mottaket vart etablert 1. mars, har flytta einslege mindreårige dit frå starten. Dette er eit ordinært mottak med full bemanning.
Er urolege for å ikkje ha nok mottak for einslege mindreårige, har gått ut med anrop på nye avtalar i heile landet. Håper å få det på plass ganske fort.
 - SFVL/Hæreid: SFVL har oppdrag med å skaffe representantar for einslege mindreårige asylsøkarar, har fått på plass rutine med politiet for korleis det skal meldast inn til oss.

Kystverket/Jon Leon Ervik

- Mediesak om russiske kapteinar med farleibevís som kan gå utan los (fartøy over 70 m).
- Kystverket føl kvar enkelt, har påbode leier som er koordinert med forsvaret på Vestlandet. Dei 253 kapteinane det gjeld er stort sett tilsett i Wilson. Grensa for losplikt er 70 meter. Alle båtar under 70 meter kan gå kvar dei vil.
- Kystverket tek ikkje avgjerd på sanksjonar, men skjer i godt samarbeid med dei etatane som har ansvar for rikets tryggleik og basert på føringar frå regjeringa.

Vestland fylkeskommune v/fylkesrådmann Rune Haugsdal

- Endringar av ansvarsforhold etter regionreforma for IMDis regionale oppgåver, nye oppgåver til fylkeskommunen som ikkje enno er heilt avstemt.

Gunnar Hæreid oppsummerte møtet, mange som jobbar intensivt på kvar sin kant og det blir gjort ein veldig god jobb blant involverte aktørar. Må belage oss på at dette vil vere ein situasjon som vil vare ei god stund. Oppmoda medlemene om å ta kontakt dersom behov for å ha møte, nytt planlagt møte truleg etter påske.